
Fra: Aina Bergas <ainabergas@hotmail.com>
Sendt: 27. januar 2017 12:53
Til: Postmottak Lindås
Emne: Til landbrukskontoret

Hei

Eg har meldt meg på Norsk Landbruksrådgjeving sitt plantevertkurs 8. og 16. februar. Vart kontakta av dei i dag og eg vart oppfordra til å sjekke med dykk kor vidt eg vil vera kvalifisert til å få kursbevis på dette, i og med at me ikkje har ordinær drift pr i dag.

I 2003 la me ned drifta pga alvorleg sjukdom. Me har halde fram å driva tilleggsnæringa, ein heilårs campingplass, som vart etablert på byrjinga av 1990-talet. Dotter vår har hatt nokre sauer dei siste 6 åra, såkalla skrapsau ho har overtatt frå ein annan bonde, fordi dei var ueigna for avl og for små til slakt. Dei har vore ein del av oppfølgjinga til gjevar-bonden, fått vaksiner mm, og enkelte har vorte ført tilbake til hans flokk når dei har vorte store. Planen er no at me skal registrere restrerande dyr på oss sjølv, men det vert likevel ikkje ordinær drift for vår del enno. Me har derimot snakka om å starte med sau i liten skala, for me er avhengig av å halda beiter. Sauene går i dag på innmarksbeita på heimebøen, medan utmarka vert lånt ut til ein geitebonde.

Campingplassen krev mykje vedlikehald av uteareala og det er nesten uråd utan ein del sprøyting. Me har til no fått hjelp frå andre med løyve til kjøp og bruk av plantevernmidlar, når me treng sprøyta for ugras, men det er ønskjeleg å handtere dette sjølv. Garden elles har og behov for sprøyting med jamne mellomrom. I dag er det bonden som slår bøane våre som utfører dette.

Me vonar de vil gje klarsignal til at eg kan få løyve til å motta kursbevis, om eg melder meg på kurs.

Vårt organisasjonsnummer er 985 067 295.

Mvh. Aina Bergås